

Alle foto: Even Øverbø

INFORMASJONSSKRIV

FRÅ LANDBRUKSKONTORET ØRSTA VOLDA

Nr. 2/2018

Årgang 29

Telefon: 700 49 610

Postadresse: Ørsta kommune, Landbrukskontoret Ørsta Volda, Dalevegen 6, 6153 Ørsta

Besøksadresse: 3. etg i den "gamle" delen av Rådhuset

e-postadresse: orlandbruk@ssikt.no



Infoskrivet vert sendt i e-post til alle som til ei kvar tid er registrert som søkjarar av produksjonstilskot, aktive skogbrukarar, og fleire andre som er knytt til næringa. Dei vi ikkje har e-postadressa til får skrivet som B-post. Send oss e-postadressa di så får du skrivet på e-post neste gong (og vi sparar porto)! Skrivet ligg og på heimesidene til kommunane Ørsta og Volda.

Innhald:	Side
Produksjonstilskot - del 2 av søknaden i 2018	1
SMIL midlar 2019	2
Tilskot til drenering av jordbruksjord	2
Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel	3
Erstatning ved avlingssvik	3
Regionalt miljøprogram (RMP)	4

Søk om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid innan 15. oktober 2018



Frå om med 1. oktober kan du levere del 2 av søknaden om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid. Siste frist er 15. oktober. Tilskotet blir betalt ut i februar 2019.

KVEN KAN SØKE?

Både føretak som driv med husdyrproduksjon og føretak med planteproduksjon kan søke om tilskot no i oktober.

KVA KAN EG REGISTRERE OG SØKE OM TILSKOT FOR I OKTOBER?

- tilskot til avløyning ved ferie og fritid
- tilskot for husdyr (unntatt ammegeit og sau)
- tilskot til økologisk areal og husdyrproduksjon
- tilskot for bevaringsverdige husdyrraser
- distriktstilskot for frukt, bær og veksthusgrønsaker og salat på friland
- areal- og kulturlandskapstilskot
- tilskot for dyr på beite
- tilskot for dyr på utmarksbeite
- driftstilskot til mjølkeproduksjon
- driftstilskot til spesialisert storfekjøttproduksjon

KVAR FINN EG SØKNADSSKJEMAET?

Sjå nettsida til Landbruksdirektoratet for meir informasjon og søknadsskjema: www.landbruksdirektoratet.no


I 2017 vart det innført nytt søknadsskjema og både de og vi fekk mykje ekstra arbeid med å legge inn opplysningar som ikkje låg preutfyllt. Særleg dei som hadde mykje leigejord fekk arbeid med å leggje desse inn på nytt. I år skal skjemaet vere preutfyllt med opplysningane frå i fjor. Sjå likevel over om opplysningane som ligg inne er riktige!

Særleg er det viktig å sjå over eigedoms- og arealopplysingane. Det er smart å sjå over gardskarta for dei eigedomane du driv, for å kontrollere om kartet stemmer med det ein faktisk haustar eller beiter.

Gardskarta er svært nyttige og du finn dei på denne adressa: <https://gardskart.nibio.no/search>

DU KAN ENDRE OPPLYSNINGANE I EIN INNSENDT SØKNAD I 14 DAGAR ETTER AT SØKNADSRISTEN HAR GÅTT UT

Dersom du har levert søknaden innan fristen, kan du endre opplysningane i søknaden i 14 dagar etter at søknadsfristen har gått ut. Når det gjeld endringar i utgiftene til avløyning ved ferie og fritid og tal dyr på utmarksbeite så kan desse opplysningane rettast fram til *10. januar 2019*.



Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Søknadsfrist for SMIL-tilskot er 1. februar 2019

SMIL-midlane er avgrensa til dei som er berettiga produksjonstilskot i landbruket. Det er mogleg å søkje tilskot til fylgjande tiltak:

- ta vare på og fremje biologisk mangfald og halde gamal kulturmark i hevd
- ta vare på, og drive skjøtsel på og omkring kulturminne og kulturmiljø.
- utvendig restaurering av verneverdige bygningar i landbruket
- legge til rette for ferdsel til fots, og oppleving av kulturlandskapet til landbruket
- ulike tiltak som kan reduserer forureining frå landbruket

Kven kan søkje SMIL-midler (**s**pesielle miljøtiltak i jordbruket)?

Den som søker må ha organisasjonsnummer, og vere søker om produksjonstilskot i jordbruket.

Andre som ikkje søker produksjonstilskot kan likevel søkje dersom jordbruksareala på eigedommen vert leigd ut til søker om produksjonstilskot, og om jorda er påført produksjonstilskotsøknaden som leigejord.

Kravet om gjødslingsplan gjeld framleis. Alle søknader vert vurdert i samråd med dei lokale faglaga i næringa. Søk fyrst! Tiltaka skal ikkje vere starta opp før søknaden er handsama.

Søknadsskjema for SMIL finn ein og på www.landbruksdirektoratet.no

Satsane for eigeninnsats er:

per time eigeninnsats	Kr 350,-
per time m/motorsag	Kr 400,-
per time m/traktor	Kr 550,-
Ved rydding/skjøtsel/gjerding av gamal kulturmark til beite vil ein ikkje godkjenne kostnader ut over	Kr 3.300,- pr. daa
For alle SMIL-tiltak kan ein løyve inntil 40% tilskot av godkjent kostnadsoverslag. Det er eit øvre tak for kostnadsoverslag på kr 200.000,-.	



Tilskot til drenering av jordbruksjord

Søknadsfrist for dreneringstilskot er 2. mai 2019

Satsar for tilskot til drenering:

kr 2.000,- per dekar til systematisk grøfting, profilering og omgraving, og ved anna grøfting kr 30,- per løpemeter grøft.

Arbeidsfristen vert 3 år frå tilskotet er innvilga, og den kan ikkje forlengast. Dersom arbeidsfristen har gått ut og arbeidet ikkje er ferdig, må tilskotet trekkjast inn, og føretaket må eventuelt søkje om tilskot på nytt. Her kan både eigar og leigar søkje. Vedlagt søknaden skal det følgje grøfteplan og kart.

Vi kan ikkje løyve tilskot til arbeid som er oppstarta/ferdig.

Med drenering meiner ein tiltak som: Grøfting med opne og lukka grøfter, profilering og omgraving.

Minste utbetalingsbeløp er kr 3.000, dvs at søknaden må vere på minst 100 m grøft eller 1,5 daa systematisk grøfting.

Ta kontakt om søknadsskjema, eller finn dette på www.landbruksdirektoratet.no – skjema – skriv *drenering* i søkefeltet.



Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel, mv.

Tilskot til avløyning ved sjukdom og liknande skal bidra til å dekkje utgifter til avløyning når bonden ikkje kan utføre gardsdrifta på grunn av sjukdom eller graviditet, fødselspermisjon eller sjukt barn. Attlevande ektefelle, sambuar, forelder eller barn kan få tilskot i etterkant av bondens dødsfall.

Også for denne ordninga vert det no innført elektronisk søknadsskjema.

Mange får hjelp av landbrukstenester (avløysarlaget), men søknadsskjema finn ein på landbruksdirektoratet eller på Altinn. [elektronisk søknadsskjema i Altinn.](#)

Når du fyller ut søknaden vil du få melding om kva for dokumentasjon du må leggje ved. I søknaden vil du få ei førebels berekning av tilskotet.

Sjå nettsida til Landbruksdirektoratet for meir informasjon :

<https://www.landbruksdirektoratet.no/no/produks>

[jon-og-marked/velferdsordninger/avlosning-ved-sykdom](#)

Erstatning ved avlingssvikt

Søknadssystemet er no opna slik at ein kan søkje om erstatning for avlingssvikt. Ein må ha hausta inn all avlinga før ein søker, og vi vil tru at dei som la opp til ein tredje slått no har fått hausta den. Inntrykket er at mykje retta seg utetter sesongen, slik at førsituasjonen er betre enn tidlegare frykta.

Skal eg søkje – vil kanskje fleire spørje. Har eg så stort tap at det løner seg?

Det er to aktuelle søknader;

- 1) avlingssvikt i grovfôrproduksjon til egne husdyr (gjeld alle som har husdyr)
- 2) avlingssvikt i grovfôrproduksjon ved sal av fôr (gjeld dei som ikkje har dyr).

Dersom du produserer **grovfôr til egne husdyr** vert erstatninga rekna ut på grunnlag av føretaket sitt grovføreareal i år multiplisert med fastsett normavling per dekar. Det vert trukke ifrå 30% eigenrisiko og deretter avlinga i år. Summen vert multiplisert med fastsett erstatningsats. Det vert rekna 540 FEm/daa. Avlingsmengde og produsert fôr i rundballar/siloar vert rekna ut automatisk når ein legg det inn i søknaden. For rundballar ligg 750 kg/rundball inne som standard i utrekninga.

Døme på utrekning ved husdyr:

Areal	Daa	Sats FEm	Sum
Fulldyrka eng:	100	540	54000 FEm
Overflatedyrka eng:	5	430	2150 FEm
Andre grovfôrvekstar:	0	430	0 FEm
Arealet skulle ha gitt denne avlinga:			56150 FEm
- eigen risiko 30 %			16845 FEm
- avling i 2018 (rundballar+silo, mv)			35000 FEm
Grunnlag for erstatning			4305 FEm
Erstatningsbeløp	4305	kr 3,85	kr 16 574,25

Ved **sal av fôr** vert erstatninga rekna ut etter areal i skadeåret multiplisert med gjennomsnittsavlinga (dei fem beste av dei seks siste åra) for veksten i kg pr. dekar. Deretter trekkjast 30 % eigenrisiko og avling i kg i år.

Denne summen vert multiplisert med fastsett sats for veksten i kr/kg. Sparte haustekostnader vert trukke ifrå til slutt. Her må ein leggje ved dokumentasjon frå rekneskapkontoret på kva avling ein har hatt for sal dei 6 siste åra.

Ein må søkje elektronisk. Her er ei lenke til skjema: <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/erstatningsordningene-i-landbruket/> Alternativt kan ein gå inn på landbruksdirektoratet.no og vidare til «elektroniske tjenester» og «søk landbrukserstatning». I nødsfall kan papirskjema nyttast.

Fristen for å søkje er 31. oktober – men ver god å søk allereie NO! Grunnen til det er at kommunen skal kontrollere fôrlagera til søkjar. Dette tek tid, og i november kan det godt vere snø som gjer arbeidet vanskeleg. Så om du har tenkt å søkje – gjer det no i september!!!



Regionalt miljøprogram (RMP)

Vi minner om søknadsfristen for tilskot gjennom regionalt miljøprogram (RMP). Fristen for å søkje er 15. oktober, men vi ser at søknadane har teke til å kome inn, og vi oppmodar om at ein allereie no søkjer, slik at ikkje alt kjem inn samstundes.

Ein må søkje elektronisk. Her er ei lenke: <https://www.altinn.no/skjemaoversikt/landbruksdirektoratet/soknad-om-regionalt-miljotilskudd/>

Alternativt gå inn på landbruksdirektoratet.no og vidare til «elektroniske tjenester» og «søk om regionalt miljøtilskudd».

Meir informasjon om RMP finn du her: <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Regionale-miljotilskot/>

I samband med jordbruksforhandlingane i år vart det prioritert å gi meir til slått av bratt areal og til setring.

Når det gjeld tilskot til tidleg spreieing av husdyrgjødsel så er fristen til vanleg 10. august. I år vart denne fristen utsett til 17. august då ein oppmoda om at flest mogleg prøvde å hauste ein 3. slått. Du kunne altså køyre ut gjødsel ei veke lengre i år, og likevel få dette tilskotet.



Tilgang til rådhuset

For tida held ein på med ombygging av servicekontoret og bygging av ny inngangsportal her på rådhuset. Difor er hovudinngangen i byggetida flytta på sørsida av rådhuset (mot hotellet).

Tilsette ved kontoret:

Skogbruksansvarleg **Peder Magnussen** er ikkje lenger tilgjengeleg på fasttelefon. Han kan nås på tlf. 452 82 680 eller e-post peder.magnussen@orsta.kommune.no

Liv Bente Viddal	700 49 614	liv-bente.viddal@orsta.kommune.no
Dorota Wozna	700 49 616	dorota.wozna@orsta.kommune.no
Åshild Steinnes	700 49 610	ashild.steinnes@orsta.kommune.no
Børild Skåra	700 49 613	borild.skara@orsta.kommune.no